

RETNINGSLINJER/VEDTEKTER FOR RÅD FOR SENIORAR OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE -MED KORTFORM: SENIOR- OG FUNKSJONSRADET - I FUSA KOMMUNE

Vedtekne i kommunestyret 19.12.12 i sak 96/12.

Senior- og funksjonsrådet vart oppretta av kommunestyret i sak 32/11.

§ 1 HEIMEL

Senior- og funksjonsrådet, er eit felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne, som er heimla i § 4a i lov om eldreråd og i § 4 a i lov om råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 2 SAMANSETJING OG OPPNEMNING

Kommunestyret gjev vedtekter for arbeidet i og samansetjing av rådet. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova gjeld ikkje ved val av råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne. Leiar og nestleiar for rådet vert utpeika av kommunestyret. Oppnemninga av medlemmer skal gjelda for kommunestyrevalperioden.

Rådet skal ha 7 representantar med minst 2 vararepresentantar som vert utpeikt av kommunestyret. Seniorar og funksjonshemma sine organisasjonar sender forslag på representantar i forkant av oppnemninga. Ein skal søkja breiast mogleg representasjon frå brukarorganisasjonane. Inntil 2 representantar skal også vera kommunestyremedlemmer.

Rådmannen, eller den vedkomande peikar ut, har møte og talerett. Det same gjeld for ordførar.

§ 3 FORMÅL

Seniorar skal sikrast innverknad i alle saker som gjeld levekåra for eldre. Menneske med nedsett funksjonsevne skal sikrast åpen, brei og tilgjengelig medverknad i arbeidet med saker som er spesielt viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 4 OPPGÅVER

Senior- og funksjonsrådet er eit samarbeids- og rådgjevande organ for kommunen og skal ha til handsaming saker som gjeld begge målgruppene.

Alle saker av spesiell interesse for seniorane i kommunen skal leggjast fram for rådet. Saker som gjeld mellom anna tilgjenge, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne, skal leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast.

For å sikra reell og større innverknad i saker som vedkjem seniorar og/eller menneske med nedsett funksjonsevne, er det viktig at sakene vert lagt fram på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga slik at rådet har høve til å påverke sakene.

Uttaler frå rådet skal følgja saksdokumenta til det kommunale organet som har avgjerdsmynde i saka, jf. Lov om eldre § 3 og Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 5.

Det skal ikkje leggast forvaltningsoppgåver til rådet, som til dømes forvaltning av kommunale tilskot til lokale interesseorganisasjonar eller forvaltning av tilskot til særskilte tiltak for målgruppene.

Rådet kan og sjølv ta opp saker.

Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

Rådet skal i sitt arbeid leggja hovudvekta på handsaming av overordna planer samt andre større og sektorovergripande saker .

Rådet skal mellom anna kunna ta opp forhold innafor plan –og bygningssektoren, samferdsle, oppvekst, kultur, helse –og omsorg, idrett, friluftsliv og universell utforming.

Rådet vert og held seg løpande orientert om aktuelle saker for seniorar og funksjonshemma som er under arbeid i kommunen.

Rådet arbeider med og får seg forelagt saker som m.a. gjeld :

- økonomiplan og årsbudsjett
- kommunal og regional planlegging etter kap 7 – 12 i plan og bygningslova
- planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova jf. kap 4 og 14
- andre overordna planar
- samhandlingsreforma
- arbeid for å sikre universell utforming
- tiltak for seniorar og/eller funksjonshemma som spesielle målgrupper
- allmenne tiltak og tenester som også vedkjem seniorar og/eller funksjonshemma
- saker av prinsipiell interesse der rådet bør få uttala seg på førebuaende stadium av sakshandsaminga
- uttale i saker som kommunale organ legg fram for rådet
- rådet driv informasjonsarbeid innad i kommunen, overfor organisasjonar, ålmenta osv.
- rådet tar initiativ til å betra samarbeid og samordning i saker av interesse for seniorar/eldre og/eller funksjonshemma i kommunen
- ansvar for gjennomføring av 1 årleg arrangement for seniorane ("eldredagen")

§ 5 MØTER OG MØTEINNKALLING

Leiar kallar inn til møte. Møte kan og haldast dersom 1/3 av rådet sine medlemmer meiner det er rett å halda møte.

I rådet gjeld vanleg fleirtal med avstemming. Ved stemmelikheit i andre saker enn val, er møteleiar si stemme avgjerande. Rådet kan berre gjera vedtak dersom minst halvparten av medlemene er til stades.

Referat frå rådet sine møter skal distribuerast til samtlege medlemmer, varamedlemmer og andre med møterett. Møteinnkallingar og protokollar vert publiserte på internett.

Dessutan gjeld reglane i kommunelova kap. 6 - Sakshandsamingsreglar i folkevalde organ. Rådet skal kvart år utarbeida ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggast fram for kommunestyret. Årsmeldinga vert send til seniorane og funksjonshemma sine organisasjonar i Fusa, samt andre rådet meiner det er naturleg å senda årsmeldinga til.

§ 6 SEKRETARIAT

Rådmannen skal ivareta sekretærfunksjon.

§ 7 ØKONOMI

Fusa kommune dekker utgiftene til rådet si verksemd. Medlemene i rådet skal ha godtgjersle i samsvar med vedtekne retningslinjer for godtgjersle til folkevalde i Fusa Kommune.

§ 8 NAMN

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne. Kortversjon: Senior- og funksjonsrådet.